



Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Fiberprodukt AS på Otta

Dato inspeksjon: 9.4.2014

Saksnr: 2014/2975

Dato rapport: 25.4.2014

Til stades ved kontrollen

Frå bedrifta: Odd Bjarne Østerås	Frå Fylkesmannen: Elin Hilde
--	--

Bakgrunn for kontrollen

Verksemda har eit eldre løyve av 4.7.1979 frå tidlegare SFT etter forureiningslova. Løyvet var stila til Monopol Plastindustri Otta A/S og gjeld utslepp i samband med produksjon av glasfiberarmert polyester. Fylkesmannen har blitt delegert forureiningsmyndigheit for denne bransjen.

Krav som blir kontrollerte

- Kap. 11 i *forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) om farleg avfall
- § 3 og 3a i *lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) om plikt til aktsemd og substitusjon når det gjeld kjemikal
- Krav i *lov om forurensning og om avfall* (forureiningslova) om plikt til å unngå forureining og forsøpling
- Krav til internkontroll i *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (*internkontrollforskrifta*)
- Krav i utsleppsløyve for bedrifta av 4.7.1979

Kontrolltema

- Handtering og lagring av farleg avfall
- Vidarelevering og deklarerering av farleg avfall
- Oversikt, handtering og substitusjon kjemikal og produkt
- Internkontroll, avviksbehandling
- Internkontroll, risikovurdering

Om rapporten

Denne rapporten beskriv avvik og merknader i samband med tilsynet, men gjev inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet og miljøstatus i verksemda. Kontrollen var varsla eit par dagar på førehand.

Avvik er definert som manglande oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsette i dispensasjonar.

Merknad er noko som miljømyndigheitene meiner er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø, men som ikkje er eit avvik.

Tilbakemelding til Fylkesmannen

Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding **innan 3 veker** på kva verksemda gjer for å rette opp påviste avvik. Verksemda pliktar å rette avvik snarast.

Dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg tilbakemelding om retting av avvik innan fristen, så kan vi fastsetje tvangsmulkt for å sikre oppfølging, jf. § 73 i forureiningslova.

Kontrollgebyr for verksemd med løyve

Bedrifta skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-6 om gebyr for kontroll av verksemder med løyve. Verksemda er ikkje plassert i risikoklasse og betaler dermed lægste sats **kr 4 600,-** i gebyr for kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet.

Informasjon om bedrifta (Kjelde: Enhetsregisteret, Brønnøysund)

Organisasjonsnr (undereining): 972 037 125	Eigd av (org.nr): 983 530 176 Namn: FP AS
Namn og postadresse: Fiberprodukt AS, Skansen 31, 2670 Otta	E-post: fp@fiberprodukt.no
Bransjenr. (NACE-kode): 23.140 Produksjon av glasfiber	Anleggsnr*: 0517.0003.01
Kommunenr og -namn, fylke: 0517 Sel, Oppland	Anleggsaktivitet*: Plast- og glasfiberprodukt
Løyve datert: 4.7.1979	Risikoklasse*: -

*Data frå eigen database for forureiningsmyndighetene

Avvik

Følgjande avvik vart påviste ved kontrollen:



Avvik 1: Internkontrollen ved verksemda er mangelfull.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta §§ 4 og 5

Vi viser til § 4 om krav om internkontroll, og til § 5 som har krav til innhald i internkontrollsystemet:

Internkontroll innebærer at virksomheten skal:	Dokumentasjon
1. sørge for at de lover og forskrifter i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen som gjelder for virksomheten er tilgjengelig, og ha oversikt over de krav som er av særlig viktighet for virksomheten	-
2. sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskaper og ferdigheter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, herunder informasjon om endringer	-
3. sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes	-
4. fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet	må dokumenteres skriftlig
5. ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar,	må dokumenteres skriftlig

oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt	
6. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene	må dokumenteres skriftlig
7. iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen	må dokumenteres skriftlig
8. foreta systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt	må dokumenteres skriftlig

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under.

a) Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall (nr. 7)

Det var ikkje laga oversikt over kva slags typar farleg avfall bedrifta har/kan ha. F eks vart ikkje sprayboksar leverte som farleg avfall. Det går fram av databasar at bedrifta har levert farleg i 2013, men ikkje i tidlegare år. Det bør gå fram av skriftlege rutinar kva typar farleg avfall som er aktuelle, lagring, plassering og merking, ansvar for deklarerer og innlevering.

b) Verksemda har ikkje gjennomført ei dokumentert risikovurdering når det gjeld ytre miljø (nr. 6)

Ved inpeksjonen kunne det ikkje leggast fram skriftleg dokumentasjon på risikokartlegging og –vurdering når det gjeld ytre miljø, fare for utslepp til vatn, luft og grunn og forsøpling. Skjema for handlingsplan har heller ikkje utfyllt.

c) Avvikssystemet er ikkje i aktiv bruk når det gjeld ytre miljø, og det manglar definerte rutinar (nr. 7)

Det låg føre skjema for registrering av avvik, men ikkje gode nok skriftlege rutinar for korleis avvik skal registrerast og behandlast og forklaring på kva som skal karakteriserast som avvik. Det var heller ikkje eksempel på at avvik som gjeld ytre miljø var registrert.

d) Verksemda var ikkje kjend med kravet om substitusjon og kunne ikkje dokumentere at dette var vurdert (nr 7)

I produktkontrolllova § 3a er det krav til at verksemdar som brukar kjemikal og faremerkte stoff skal vurdere om dei skal erstattast av mindre helse- og miljøfarlege stoff. Det må kunne dokumenterast at slik vurdering er gjort.

e) Oversikten over sikkerhetsdatablad hadde ein del gamle dokument.

Bedrifta hadde perm med oversikt over produkt som blir brukte, og tilhøyrande datablad. Men somme av desse var av eldre dato, f eks frå 2003 og 2005. Det er viktig at datablada er nyare slik at dei har oppdatert informasjon, bl a om miljøfare og handtering av avfall og restar.

Merknader

Fylkesmannen har følgjande merknad:



Merknad : Avfallet blir ikkje sortert så godt som råd.

Kommentarar:

Det var container ute for restavfall som blir henta. Her var det også ved inspeksjonen noko pappavfall. Flest moglege fraksjonar bør sorterast ut, både papp og papir, plast og metall som kan gjenvinnast. Dette bør vurderast, då det er ønskeleg med høgast mogleg gjenvinningsgrad av avfallet. Verksemda frakta sjølv farleg avfall og nokre andre avfallstypar til godkjent mottak for dette. Det bør også lagast skriftleg rutine for alle avfallstypar, i tillegg til for farleg avfall som nemnt under punkt a).

Andre forhold

Bedrifta har utvida produksjonslokala og fått nytt ventilasjonsanlegg i seinare tid. Det er her etablert varmegjenvinningsanlegg med posefilter og ny jetskorstein over tak. Eksisterande løyve er dermed ikkje oppdatert på dette punktet.

Bygget har avløp til kommunalt ledningsnett og reinseanlegg på Otta, men ikkje påslepp av prosessavløpsvatn. Det er eit par sluk inne som fører til renseanlegget. På uteområdet med fast dekke er det sluk med avløp til grunnen, men ikkje oljeutskiljar, ifølgje opplysningar gjeve ved kontrollen.

Fylkesmannen vil vurdere om løyvet kan slettast. **Vi ber om eventuelle kommentarar til dette frå bedrifta saman med tilbakemeldinga.** Krav i aktuelle lover og forskrifter om ytre miljø vil likevel gjelde.

Lenkjer til gjeldane regelverk er oversendt bedrifta etter inspeksjonen, i e-post av 15.04.2014 til fp@fiberprodukt.no.